

Hareid kommune  
Postmottak  
6060 HAREID

**Vår dato:** 22.12.2021

**Vår ref.:** 201837328-10

**Dykkar ref.:** 21/1354 21/10268

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande  
22 95 95 45/ojs@nve.no

## **NVE sin uttale til offentlig ettersyn av interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre**

Vi viser til brev datert 26.11.2021, 27.11.2021, 01.12.2021, 02.12.2021 og 09.12.2021 for dei aktuelle kommunane. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til interkommunal kystsoneplan for Søre Sunnmøre - Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommunar.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE ga uttale til høyring av framlegg til planprogram for planarbeidet i brev datert 31.08.2018.

### **NVE sine merknader til planframlegget**

Slik vi les planframlegget er aktsemdsområde for skred innarbeidd som omsynssone skredfare H310 i plankartet, med tilhøyrande føresegn § 4.2 som set krav til avklaring av reell fare før nye etableringar.

NVE gjer merksam på at aktsemdskarta for skred i utgangspunktet er utarbeida for areal på land, og det er usikkert kor langt ut i sjøen eventuell skredfare kan få verknad. For ulike lokalitetar kan det vere trong for vurdering av konsekvensar av eventuelle skred utover aktsemdsområda.

Vi har elles ikkje merknader.



Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

**Mottakarliste:**

Hareid kommune  
Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
SANDE KOMMUNE  
Ulstein kommune  
Vanylven kommune

**Kopimottakarliste:**

Møre og Romsdal fylkeskommune  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL